



Forum Arkitekter AS
Damsgårdsveien 16
5058 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2232 - 16/21731

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
22.11.2016

Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad og tilkopling til kommunalt vassverk, gbnr 36/83

Administrativt vedtak. Saknr: 378/2016

Saksutgreiing:

I samband med at det er søkt om tilbygg og rehabilitering av ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 36/83, Ådland, er det i søknad, journalført 31.10.2016, søkt om utslepp og tilkopling til kommunalt vassverk. Utsleppet skal gå via 4m³ slamavskiljar og derfrå i tett leidning til tidlegare etablert privat avlaupsleidning som går ut i sjø (Radfjorden). Det ligg føre naudsynt erklæring frå eigar av den private avlaupsleidningen og vassleidningen som gjev eigedomen gbnr 36/83 rett til dette.

Det ligg også føre erklæring frå eigar av gbnr 36/3 som gjev eigedomen gbnr 36/83 rett til å leggja leidningar over privat grunn.

Vurdering:

Utsleppsløysinga det er søkt om er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløysing som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp og i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Eigedomen vert no tilknytt kommunal slamtømmeordning med slamtømming kvart 4. år.

Administrasjonen har heller ingen merknad til at eigedomen vert kopla til kommunalt vassverk.

Plan:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen for Meland er vist som noværande område for hytter som i vesentlig grad er utbygd utan reguleringsplan.

Nabovarsel:

Tiltaket vart nabovarsla 29.09.2016. Det ligg ikkje føre merknader.

Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på motteke situasjonskart , journalført 31.10.2016.

Det er erklært ansvarsrett frå følgjande føretak:

| Føretak | Godkjenningssområde |
|---|--------------------------------|
| Gefo Rørservice AS Org.nr.890167772 Sentral godkjenning | PRO, UTF – utvendig VA (tkl 1) |

Vedtak

Utslepp;

Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av for urensing» sin § 12- utsleppsløyve frå ein fritidsbustad på gbnr 36/94, i samsvar med søknad journalført 30.10.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar på 4m³ av godkjend type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett leidning og knytast til tidlegare etablert privat avlaupsleidning som går til sjø.
3. Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast frå slamsugebil i samsvar med vedtekter om slamtømming.
4. Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Tilkopling kommunalt vassverk:

Meland kommune godkjenner at eigedomen gbnr 36/83 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført 31.10.2016 og på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

Tilknytingsavgift for vatn er per 01.01.2016 er kr 15 000,- eks mva.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar , jf vurderinga ovanfor.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anna Eikeland og Tor Engum

Mottakere:

Forum Arkitekter AS

Damsgårdsveien 5058
16

BERGEN